

AKKREDITERINGS- RAPPORT

Ytre kunstfagskole

Akkreditering av fagområdet Visuell kunst

2026



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit statleg forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUT har eit eige styre og er fagleg uavhengig i oppgåver som gjeld akkreditering, tilsyn og evalueringar for å vurdere kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. I tillegg har NOKUT forvaltningsoppgåver på vegner av departementet.



Føremålet med verksemda til NOKUT er å sikre og fremje kvalitet i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, og å stimulere til kvalitetsutvikling som sikrar eit høgt internasjonalt nivå i utdanningstilboda ved institusjonane. NOKUTs føremål og oppgåver er forankra i universitets- og høgskulelova og fagskulelova.



NOKUT skal bidra til at samfunnet har tillit til kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Gjennom arbeidet skal NOKUT søkje å hjelpe institusjonane i kvalitetsarbeidet deira.



NOKUT bruker sakkunnige i akkrediteringar, tilsyn, evalueringar og prosjekt.

Du kan lese meir om arbeidet vårt på nokut.no.

Institusjon	Ytre kunstfagskole
Sakkyndige	Thea Tuset, Siri Kvitvik, Jeannette Christensen
Dato for vedtak	29. april 2026
NOKUTs saksnummer	24/00740 og 26/00664



Føreord

Fagskular som oppfyller bestemte vilkår, kan søkje akkreditering for eit fagområde og slik få fullmakt til sjølve å opprette fagskuleutdanningar innan dette fagområdet, jf. § 5 i lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova). Akkreditering for fagområde blir gjennomført av NOKUT etter forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskuleforskrifta) og forskrift om akkreditering av og tilsyn med høgare yrkesfagleg utdanning (fagskuletilsynsforskrifta).

Denne foreløpige rapporten inneheld vurdering av søknad om akkreditering for fagområdet *Visuell kunst* frå Ytre kunstfagskole. Vurderinga av kravet fagskuletilsynsforskrifta har til eit akkreditert fagområde er gjennomført av ein sakkunnig komité på bakgrunn av søknaden til fagskulen av 1. november 2024 og institusjonsbesøk 28. og 29. januar 2026.

NOKUTs konklusjon er at Ytre kunstfagskole på ein tilfredsstillande måte oppfyller krava i fagskulelova, fagskuleforskrifta og fagskuletilsynsforskrifta.

Fagområdet *Visuell kunst* ved Ytre kunstfagskole blir akkreditert med den avgrensinga av fagområdet som kjem fram i akkrediteringsrapporten.

Innhold

1 Om søkjar og søknadsbehandlinga	5
1.1 Ytre kunstfagskole.....	5
1.2 Søknadsbehandlinga	5
2 Krav for å kunne søkje akkreditering	6
2.1 Primærverksemda til fagskulen	6
2.2 Uteksaminerte kandidatar	6
2.3 Garanti- og forsikringsordningar.....	7
3 Krav til fagskulens kvalitetsarbeid	9
4 Sakkunnig vurdering av krav til akkrediterte fagområde.....	12
4.1 Avgrensinga til fagområdet.....	12
4.2 Fagmiljøet som er knytt til fagområdet	16
4.3 Samarbeid med yrkesfeltet.....	20
5 Konklusjon	23
6 Fagskulen si fråsegn til den sakkunnige vurderinga.....	24
7 Vedtak	26
Vedlegg 1: Oversikt over dokumentasjonen vedtaket byggjer på	27
Vedlegg 2: Presentasjon av den sakkunnige komiteen.....	28

1 Om søkjar og søknadsbehandlinga

1.1 Ytre kunstfagskole

Stiftelsen Ytre kunstfagskole (heretter kalla Ytre kunstfagskole) er ein privat fagskule organisert som stiftelse. Fagskulen har basen sin i Ålesund og driv desentralisert verksemd gjennom samarbeid med fagmiljø på Nordvestlandet. Ytre kunstfagskole fekk den første fagskuleutdanninga si akkreditert av NOKUT 27. september 2006.

Ytre kunstfagskole tilbyr fagskuleutdanningar innan fagområdet *Visuell kunst*. Utdanningane er organiserte som heiltidsstudium, og undervisninga blir gjennomført både ved lokala på skulen i Ålesund og i samarbeid med eksterne fagmiljø gjennom den såkalla Ytremodellen (sjå nærare omtale under kapittel 4.3). Ytremodellen er Ytre kunstfagskoles modell for samarbeid med eksterne fagmiljø i gjennomføring og utvikling av utdanningane.

Per hausten 2025 hadde Ytre kunstfagskole 17 aktive studentar fordelt på to akkrediterte utdanningar, begge innan fagområdet.

1.2 Søknadsbehandlinga

Ytre kunstfagskole sende inn søknad om akkreditering av fagområde *Visuell kunst* til søknadsfristen 1. november 2024. 10. oktober 2025 sende fagskulen ei oppdatert oversikt over fagmiljøet, 17. februar sendte fagskulen årsplanen til styret for 2026, og 15. april 2026 sendte fagskulen et styrevedtekt knytt til kravet om garanti- eller forsikringsordninga.

Innleiingsvis vurderte NOKUT om krava for å søkje om fagområdeakkreditering i fagskuleforskrifta § 48 første avsnitt var oppfylt. NOKUT vurderte også om fagskulen har utarbeidd tilfredsstillande rutinar for å opprette utdanningar han sjølv vil få fullmakt til å akkreditere, og om han har utarbeidd tilfredsstillande rutinar for å gjennomføre vesentlege endringar, jf. fagskuletilsynsforskrifta § 4-2 andre avsnitt.

NOKUT har vurdert at kravet knyttet garanti- og forsikringsordninga, jf. fagskuleforskrifta § 48 første ledd bokstav c, ikkje er oppfylt, og ber fagskolen om å sende ei omformulering av garanti- og forsikringsordninga slik at retten til refusjon av skulepengar gjeld uavhengig av overtakingsordninga. NOKUT og den sakkunnige komiteen vurderer at alle øvrige krav er oppfylt, sjå kapittel 2 og 3 for nærare omtale.

Etter at desse vurderingane var gjennomførte, blei det utnemnt ein sakkunnig komité for å vurdere krava til akkreditert fagområde i fagskuletilsynsforskrifta kapittel 3. Det følgjer av fagskuleforskrifta § 46 at NOKUT skal utnemne sakkunnige for å gjennomføre dei faglege vurderingane for akkreditering av fagområde og at dei sakkunnige skal gi rapport med tilrådingar om vedtak til NOKUT. Krav til kompetansen til dei sakkunnige følgjer av fagskuletilsynsforskrifta § 5-4. Komiteen har bestått av Thea Tuset (leiar), Jeannette Christensen og Siri Kvitvik.

NOKUT gjennomførte eit fysisk institusjonsbesøk ved fagskulen 28. og 29. januar 2026. Den sakkunnige komiteen intervjuar då representantar frå den faglege og administrative leiinga ved fagskulen, fagleg og pedagogisk ansvarlege for utdanningar innan fagområdet, lærarar innan fagområdet, aktive og tidlegare studentar frå utdanningar innan fagområdet, eksterne samarbeidspartnarar og styret til fagskulen.

Vurderingane i denne rapporten er baserte på dokumentasjon som er motteken frå institusjonen, og intervju under institusjonsbesøket. Den skriftlege dokumentasjonen er tilgjengeleg i elnnsyn - offentleg elektronisk postjournal, i NOKUTs sak 24/00740.

2 Krav for å kunne søkje akkreditering

2.1 Primærverksemda til fagskulen

Fagskuleforskrifta § 48 (1) a)

Primærverksemda til fagskulen skal vere utdanning og vere tydeleg avgrensa frå eventuell anna verksemd.

Vurdering

Ytre kunstfagskole er ein privat fagskule registrert i Brønnøysundregisteret med eige organisasjonsnummer. Ifølgje opplysningane i registeret er primærverksemda til fagskulen oppgitt som «kunstfagleg utdanning». Det kjem ikkje fram av søknaden at fagskulen driv anna verksemd. Vi vurderer derfor at kravet om at primærverksemda til fagskulen skal vere utdanning, er oppfylt.

Konklusjon

Kravet i fagskuleforskrifta § 48 første avsnitt bokstav a er oppfylt.

2.2 Uteksaminerte kandidatar

Fagskuleforskrifta § 48 (1) b)

Fagskulen må ha uteksaminert kandidatar i minst éi akkreditert fagskuleutdanning i minst to år.

Vurdering

Ytre kunstfagskole fekk den første fagskuleutdanninga si akkreditert av NOKUT i 2006 og har per i dag to akkrediterte fagskuleutdanningar. Ifølgje DBH Fagskolestatistikk hadde fagskulen 17 aktive studentar ved siste rapportering hausten 2025.

I søknaden oppgir fagskulen at talet på uteksaminerte studentar var 13 i 2020, 14 i 2021 og 14 i 2022. I tillegg tok fagskulen opp 7 nye studentar i 2023, og 7 nye studentar i 2025, som skal fullføre utdanningane i høvesvis 2025 og 2026.

Konklusjon

Kravet i fagskuleforskrifta § 48 første avsnitt bokstav b er oppfylt.

2.3 Garanti- og forsikringsordningar

Fagskuleforskrifta § 48 (1) c)

Fagskulen må dokumentere deltaking i garanti- eller forsikringsordning som sikrar studentar refusjon av innbetalte skulepengar dersom fagskulen frivillig eller pålagd stansar ei fagskuleutdanning og dette medfører at nokre studentar ikkje får fullført utdanninga etter oppsett plan. Garanti- eller forsikringsordninga skal dekkje innbetalte skulepengar for fagskuleutdanningar som anten blir avbrotne eller ikkje startar.

Beskriving

I søknaden beskriv Ytre kunstfagskole ei garantiordning for gjennomføring av studiane som består av fire hovuddelar. For det første gjer styret kvart år eit garantivedtak i tråd med fagskulelova, basert på ei heilskapleg vurdering av skulens menneskelege, faglege, fysiske og økonomiske ressursar. Vedtaket inngår i årshjulet til styret og blir gjennomført i august før studiestart, med utgangspunkt i timeplan og studenttal, og skal sikre gjennomføring av studieåret som planlagt.

Vidare har skulen næringsdriftforsikring som dekkjer hendingar utanfor kontrollen til styret og leiinga, som brann og vasskadar. Forsikringa skal sikre tilgang til alternative lokale og dekning av kostnader for å halde oppe drifta, slik at undervisninga raskt kan takast opp att ved eventuelle driftsavbrot.

I tillegg har skulen inngått avtale med tre andre tilbydarar av høgare yrkesfagleg utdanning innan *Visuell kunst* om overtaking av studentar dersom ein av aktørane legg ned utdanninga midt i eit studieløp. Avtalen skal sikre studentane vidareføring av studiane heilt fram til planlagd fullføring.

Styret har i tillegg vedteke å omprioritere utviklingsfondet til skulen til eit garantifond plassert på ein sperra konto. Frå og med august 2025 skal det årleg vedtakast kor stor sum som blir sett av, for å sikre refusjon av innbetalte skulepengar for studentar som ikkje blir omfatta av overtakingsordninga. I styrevedtaket skriv fagskulen at det er sett av 300 000 kr på ein sperra konto, og at det kvart semester skal setjast av nok midlar til å dekkje skulepengar for alle studentar for eit semester. Skulen opplyser at han per i dag har tilstrekkeleg eigenkapital til å dekkje dette som ei mellombels løysing fram til ei meir berekraftig ordning er på plass.

Fagskulen har også lagt ved kontoutskrift som viser midlar som er sette av på sperra konto.

Vurdering

Ytre kunstfagskole har beskrive garantiordninga si og lagt ved styrevedtak og kontoutskrift som dokumenterer at det er avsett midlar på ein sperra konto. Det blir presisert i styrevedtaket at beløpet som blir sett av på sperra konto skal spegle skulepengar for alle studentane for eit semester.

Vidare viser fagskulen at den kontinuerleg jobbar med å sikre at fagskulen kan gjennomføre studieåret som planlagt.

Når det gjeld mogelegheita for at studentar kan ta avbroten utdanning ved ein annan fagskule, så er dette ei ordning som det for så vidt ikkje er krav om i fagskuleforskrifta, men som NOKUT anbefaler som eit tillegg til garanti- og forsikringsordninga, for å vareta studentar som ikkje får fullført utdanninga etter oppsett plan på grunn av stans i utdanninga.

Studentar skal vere sikra refusjon av innbetalte skulepengar dersom fagskulen frivillig eller pålagd stansar ei fagskuleutdanning slik at studentar ikkje får fullført utdanninga. NOKUT vil presisere at dette er eit sjølvstendig vilkår for å få behandla søknad om akkreditering for fagområde og at studentane derfor har rett til å få tilbake skulepengane sine uavhengig av om studentane får plass på eit tilsvarande tilbod ved ein annan fagskule. NOKUT legg derfor til grunn at fagskulen må omformulere garanti- og forsikringsordninga slik at retten til refusjon av skulepengar gjeld uavhengig av overtakingsordninga.

Konklusjon

Kravet i fagskuleforskrifta § 48 første avsnitt bokstav c er ikkje oppfylt. NOKUT ber fagskulen sende inn dokumentasjon i form av styrevedtak eller liknande som stadfestar at studentar vil få refundert skulepengar uavhengig av om dei får plass på eit tilsvarande tilbod ved ein annan skule.

Ny dokumentasjon

Fagskolen sendte 15. april 2026 dokumentasjon knytt til kravet om garanti- eller forsikringsordninga, jf. fagskuleforskrifta § 48 første avsnitt bokstav c.

Vurdering

Fagskulen beskriver i styrevedtaket (vedteke av styret 13. april 2026) at skulen skal ha ei garantiordning i form av ein eigen garantikonto for innbetalte skulepengar. Det går fram at saldoen på kontoen ved kvar semesterstart skal tilsvare summen av skulepengar innbetalt av studentane for det aktuelle semesteret. Ordninga skal sikre tilbakebetaling av skulepengar dersom utdanninga blir stansa og studentane ikkje får fullført etter oppsett plan. Det er vidare opplyst at kontoen berre kan disponerast ved dobbeltsignering frå rektor og styreleiar.

Fagskulen presiserer vidare i dokumentasjonen at garantiordninga er formulert slik at alle studentar er omfatta.

Konklusjon

Kravet i fagskuleforskrifta § 48 første avsnitt bokstav c er oppfylt.

3 Krav til fagskulens kvalitetsarbeid

Fagskuletilsynsforskrifta § 4-2 (2)

For fagskular med fagområdeakkreditering skal systemet for kvalitetssikring også vise prosedyrar for korleis fagskulen

- a) opprettar utdanningar han sjølv har fullmakt til å akkreditere
- b) gjennomfører vesentlege endringar av utdanningar som høyrer inn under fagområdet

Beskriving

Ytre kunstfagskole beskriv ein prosedyre for å utvikle og etablere nye utdanningar og gjennomføre vesentlege endringar i eksisterande utdanningar innanfor eit akkreditert fagområde.

Prosedyre for oppretting av utdanningar

Prosedyren for utvikling av nye utdanningar følgjer ein strukturert prosess i fire fasar som alle inneheld tre til sju trinn. Desse trinna er alle nærare beskrive i søknaden.

Kunnskapsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget blir etablert gjennom diskusjonar i lærarråd og administrasjon, der fagleg relevans, erfaringar og ressursgrunnlaget for skulen blir vurdert. Vidare blir ekstern behovskartlegging gjennomført i dialog med satellittar (meir om satellittar under kapittel 4.3) og relevante fagmiljø, og dessutan eventuelle spørjeundersøkingar ved behov. Forslaget blir også vurdert opp mot samfunnsbehov, politiske føringar og gjeldande planverk. På bakgrunn av dette blir det gjennomført ei samla vurdering av om det er grunnlag for å gå vidare med etableringsprosessen.

Forankring. Ved positiv vurdering gjer styret vedtak om oppretting av utdanninga, under dette strategiske prioriteringar, budsjett og nødvendige fullmakter til rektor. Utdanninga blir forankra vidare gjennom orienterings- og dialogmøte med eksterne fagmiljø og fylkeskommunen, med sikte på fagleg samarbeid, ressursdeling og langsiktig planlegging.

Framdrift og organisering av arbeidet. Arbeidet blir strukturert gjennom utarbeiding av framdriftsplan og tydeleg rollefordeling. Det blir engasjert prosjektleiar og eventuelt koordinator, og det blir etablert prosjektgruppe med representantar frå relevante fagmiljø. Ved behov blir arbeidsgrupper oppretta for utvikling av detaljar knytt til studieplan, opptaksordning, kompetansebehov og kvalitetstiltak.

Arbeidet omfattar mellom anna utvikling av studieplan, framdriftsplan, finansiering og budsjett, kompetansekartlegging, kartlegging av fasilitetsbehov, organisering av opptak og marknadsføring, tilsetjing av personale og dessutan praktisk tilrettelegging for oppstart.

Kvalitetssikring. Nye utdanningar blir underlagde særskild kvalitetssikring i første studieperiode. Dette omfattar oppdatering av regelverk, handbøker og HMS-system, fastsetjing av mål og evalueringskriterium, og dessutan systematiske student- og lærarevalueringar og miljøkartlegging. Arbeidet blir behandla løpande i kvalitetssikringsgruppa og styret blir orientert. Etter første gjennomføring blir ein samla evaluering gjennomført av utdanninga og av prosedyren, med eventuelle justeringar.

Prosedyre for vesentlege endringar

Prosedyren for endringar i eksisterande utdanningar er også strukturert i fasar, men her tre steig. Desse er nærare beskrivne i søknaden.

Kunnskapsgrunnlag. Behov for vesentlege endringar kan oppstå som følge av erfaringar med utdanninga, analysar av studentevalueringar, vurderingar frå kvalitetssikringsgruppa (KSG), endringar i fagmiljøet til skulen, forandra behov i yrkesfeltet, mangel på kvalifiserte søkjarar eller strategiske prioriteringar.

Kunnskapsgrunnlaget blir etablert gjennom diskusjon i lærarråd, der erfaringane til fagmiljøet med utdanninga blir avdekte og informasjon frå studentevalueringar og KSG blir analyserte. Vidare blir endringsforslaget vurdert i administrasjonen på bakgrunn av signal frå KSG, diskusjonar i lærarråd og dei samla ressursane i skulen.

Endringa blir også vurdert opp mot planverk og prognosar for å kartleggje om ho er i tråd med definerte samfunnsbehov og eventuelle politiske føringar eller satsingar. Ved behov blir spørjeundersøkingar gjennomførte for å stadfeste eller avkrefte behovet for endring.

Etter dette blir det gjennomført ei samla vurdering av om det er grunnlag for å starte endringsprosessen.

Forankring. Vedtak om vesentlege endringar fattast av styret, som forpliktar seg til endringa gjennom strategiske vedtak, budsjettvedtak og tildeling av nødvendige fullmakter til rektor.

Det blir etablert ei arbeidsgruppe med representantar frå faste lærarar, gjestelærarar og eksternt fagmiljø for å sikre balanse mellom erfaring med eksisterande utdanning og kompetanse utanfrå, og dessutan for å gi råd til rektor.

Vidare blir dialog gjennomført med fylkeskommunen for å involvere denne i endringane i skulen, sikre finansiering og hente innspel og utfordringar.

Framdrift og organisering av arbeidet. Arbeidet blir organisert gjennom utarbeiding av framdriftsplan, og prosjektleiar blir engasjert ved behov.

Det blir gjennomført informasjonsmøte med fagmiljøet for å halde dei orientert og innhente innspel, og dessutan informasjonsmøte med studentrådet for å informere studentane, knytte studentevalueringar til tiltak og hente inn studentinnspel.

Vidare omfattar arbeidet:

- omarbeiding av studieplan, inkludert endring av læringsutbyttebeskrivingar (LUB), oppdatering av studieplan og modulplan
- utarbeiding av kompetanseplan basert på kartlegging av kompetansebehov og eksisterande kompetanse
- kartlegging av praktiske behov knytt til rom, fasilitetar, verkstader og utstyr
- kartlegging av finansieringsbehov og utarbeiding av budsjett
- planlegging av søknad og opptak, under dette registrering i Samordna opptak og etablering av opptakskomiteé

- utarbeiding av marknadsføringsplan for det forandra utdanningstilbødet
- oppdatering av undervisningsplan og årsplan
- tilsetjing av personale
- organisering av praktiske behov og inngåing av samarbeidsavtalar ved behov

Kvalitetssikring. Det blir gjennomført evaluerings- og justeringsmøte med arbeidsgruppa når første studieløp er gjennomførte. Den forandra utdanninga blir kvalitetssikra vidare gjennom kvalitetssikringssystemet til skulen. Dersom utdanninga viser seg å ha manglar og det er behov for ytterlegare vesentlege endringar, skal dette gjennomførast ved å følgje prosedyreskildringa til skulen.

Vurdering

NOKUTs vurdering er at det går tydeleg fram av prosedyrebeskrivinga kven som har ansvar for dei ulike stadia ved utvikling av nye fagskuleutdanningar, og ved endringar i eksisterande fagskuleutdanningar. Styret er involvert i prosessen og gjer endeleg vedtak om akkreditering. NOKUT vurderer følgjeleg at systemet til fagskulen for kvalitetssikring inneheld prosedyrar for korleis fagskulen skal opprette utdanningar og gjennomføre vesentlege endringar.

Konklusjon

Kravet i fagskuletilsynsforskrifta § 4-2 andre avsnitt er oppfylt.

4 Sakkunnig vurdering av krav til akkrediterte fagområde

4.1 Avgrensinga til fagområdet

Fagskuletilsynsforskrifta § 3-1 Avgrensing av fagområdet

- (1) Fagområdet skal vere relatert til eit eller fleire yrkesfelt. Fagområdet skal vere tydeleg definert og avgrensa, men ha tilstrekkeleg fagleg breidd til å inkludere fleire utdanningar
- (2) Fagskulen skal ha ein strategi med mål og tiltak for å utvikle fagområdet, og kunne gjennomføre denne

Beskriving

Avgrensing

I søknaden beskriv Ytre kunstfagskole at avgrensinga av fagområdet *Visuell kunst* følger definisjonen av kunst og dei yrka som fagskulens allereie akkrediterte utdanningar rettar seg mot. Fagområdet omfattar yrka biletkunstnar (innan ulike kunstnariske uttrykk) og kunsthandverkar. I tillegg omfattar avgrensinga yrke som involverer formidling og kuratering av biletkunst og kunsthandverk, og praksisar der ein undervisar eller held kurs innan biletkunst og kunsthandverk. Vidare skriv fagskulen at kunstnariske praksisar blir kjenneteikna av opne og utforskande arbeidsprosessar der ein arbeider mot eit ukjent resultat.

Fagskulen skriv også at det kreative feltet er prega av flytande overgangar mellom ulike yrkespraksisar, og at ein biletkunstnar også kan jobbe som scenograf, illustratør eller tekstforfattar. Samtidig blir det presisert at følgjande område ikkje inngår i fagområdet: design, illustrasjon, arkitektur, scenekunst, filmproduksjon, speldesign, og digitale og kreative fag knytt til produksjon og produktutvikling. Desse er altså definerte utanfor fagområdet.

Vidare i søknaden blir *Visuell kunst* beskrive som eit fagområde som kan definerast ut frå teknikk og materiale (til dømes teikning, fotografi, skulptur), ut frå praksis og prosess (til dømes kunstproduksjon, bruksobjekt, undersøkingar) eller ut frå formål (til dømes kunstutstillingar, offentleg kunst og formidling).

Fagskulen skriv at høgare yrkesfagleg utdanning innan *Visuell kunst* byggjer på vidaregåande opplæring frå den yrkesfaglege studieretninga handverk, design og produktutvikling og den studiespesialiserande linja kunst, design og arkitektur. Samtidig blir det beskrive at den samansette kompetansen som særpregar dei visuelle kunstfaga gjer at samla realkompetanse i mange tilfelle kan utgjere eit solid grunnlag for studiar innan fagområdet.

Strategi

Fagskolen har utarbeidd eit strategidokument for fagområdet *Visuell kunst* i dialog med tilknytte fagmiljø og samarbeidspartnarar. Strategien beskriv at fagskolen har base i Ålesund og desentralisert aktivitet på Nordvestlandet. Organiseringa er knytt til samarbeid med fagmiljø innan det visuelle kunstfeltet, der fleire av fagmiljøa har status som satellittar og inngår i det som blir omtalt som «Ytremodellen» (sjå nærmare omtale under kapittel 4.3).

I strategidokumentet kjem det fram at skulen som fagskule innan visuelle kunstfag har eit mandat om å utvikle yrkesretta utdanningar i samarbeid med fagfeltet. Fagfeltet blir beskrive som i hovudsak beståande av sjølvstendig næringsdrivande kunstnarar og kunsthandverkarar, ofte organisert som enkeltpersonføretak, som jobbar med både kunstnariske og administrative oppgåver.

Strategidokumentet er strukturert med kategoriane område, mål, tiltak (korleis), ansvar og samarbeid (kven), tidsplan og ressursar. Innanfor dei ulike områda er det formulert konkrete mål for utvikling av fagområdet, til dømes planlagde utdanningar. For kvart mål er det angitt tiltak som beskriv korleis måla skal følgjast opp. Det kjem fram vidare kven som har ansvar for gjennomføringa, kva samarbeidspartnarar som inngår, kva tidsramme som gjeld, og kva ressursar som blir knytte til tiltaka.

Driftsplanen for 2023–2026 er også strukturert i tabellform og angir område, kva (overordna mål), korleis (aktivitet og handling), kven (ansvar) og når (tidsramme). Driftsplanen operasjonaliserer utviklingsarbeidet i planperioden gjennom overordna mål, beskrivne aktivitetar, angitt ansvar og tidsramme.

Strategidokumentet og driftsplanen viser samla korleis utviklinga av fagområdet *Visuell kunst* er strukturert med definerte område, mål, tiltak, ansvar, tidsplan og angitte ressursar.

Vurdering

Avgrensing

Den sakkunnige komiteen vurderer at fagområdet *Visuell kunst* ved Ytre kunstfagskole er relatert til eit eller fleire yrkesfelt, at det er tydeleg definert og avgrensa, og samtidig har tilstrekkeleg fagleg breidd til å inkludere fleire utdanningar.

Fagområdet er definert med utgangspunkt i biletkunst og kunsthandverk, og omfattar kunstnariske praksisar innan to- og tredimensjonale uttrykk, materialbasert arbeid og prosessbasert kunstproduksjon. Komiteen legg til grunn at fagområdet primært rettar seg mot yrkesutøving som biletkunstnar og kunsthandverkar, og dessutan relaterte funksjonar innan formidling og undervisning.

Komiteen viser til at fagområdet er eksplisitt avgrensa mot design, illustrasjon, arkitektur, scenekunst, filmproduksjon, speldesign og digitale og kreative fag knytt til kommersiell produksjon og produktutvikling. Under institusjonsbesøket vart det presisert at avgrensinga er gjort både av faglege omsyn og med utgangspunkt i storleiken, kompetansen og det

eksisterande fagmiljøet til skulen. Komiteen vurderer at denne presiseringa bidrar til å gjere avgrensinga til fagområdet tydeleg.

Samtidig vurderer komiteen at fagområdet *Visuell kunst*, slik det er definert i søknaden, er eit breitt fagfelt med ulike teknikkar, materiale og arbeidsformer. Dokumentasjonen viser at fagområdet kan omfatte fleire typar utdanningar innanfor ramma av biletkunst og kunsthandverk, under dette samlingsbaserte og materialorienterte utdanningar. Komiteen vurderer at fagområdet dermed har tilstrekkeleg fagleg breidd til å inkludere fleire utdanningar.

Strategi

Den sakkunnige komiteen vurderer at Ytre kunstfagskole har utarbeidd ein strategi for fagområdet *Visuell kunst* som inneheld mål og tiltak for å utvikle fagområdet, og at dei kan gjennomføre han.

Strategien er strukturert med ei inndeling i område, mål, tiltak (korleis), ansvar og samarbeid (kven), tidsplan og ressursar. Komiteen vurderer at denne strukturen gjer tydeleg samanhengen mellom overordna mål og konkrete handlingar, og dessutan korleis ansvar og tidsramme er fordelt.

Strategien omfattar mellom anna mål knytt til rekruttering, utvikling av nye og eksisterande utdanningar, styrking av samarbeid med fagfeltet og berekraftig utvikling av fagområdet. Det er vidare skissert fleire planlagde utdanningar innanfor ramma av visuell kunst, under dette samlingsbaserte deltidsutdanningar med planlagd oppstart fram mot 2029. Dei skisserte utdanningane er «Stad, minne og visuell kunst», «Materialet som formar staden», «Kartlegging av landskap – visuell kunst» og «Frihandsmodellert fasadeornament». Komiteen vurderer at strategien dermed konkretiserer korleis fagområdet kan utviklast vidare innanfor den avgrensinga som er definert.

Utviklingsarbeidet er forankra i samarbeidsmodellen til skulen med eksterne fagmiljø, og fleire av dei planlagde utdanningane byggjer på kompetanse hos tilknytte satellittar. Komiteen legg til grunn at dette gir ei fagleg og organisatorisk forankring av strategien.

Samtidig har komiteen drøft behovet for tydelegare konkretisering av framdrift og prioritering mellom dei planlagde utdanningane. Det er mellom anna reist spørsmål om milepælsplan, rekruttering til nye tilbod og kapasiteten organisasjonen har til å gjennomføre fleire utviklingsløp parallelt. Komiteen merkar seg også at mykje av det operative ansvaret er lagt til rektor.

På bakgrunn av dokumentasjonen og dialogen under institusjonsbesøket vurderer komiteen likevel at strategien er tilstrekkeleg strukturert og forankra til å kunne bli gjennomført. Under besøket gjorde rektor greie for korleis skulen arbeider systematisk med dokumentasjon av prosessar, rutinar og utviklingsarbeid, nettopp for å redusere sårbarheit knytt til enkeltpersonar. Komiteen legg til grunn at dette bidrar til organisatorisk kontinuitet og gjer det mogleg å føre vidare strategiarbeidet også ved endringar i leiinga. Komiteen viser vidare til at fagskulen gav utfyllande informasjon under institusjonsbesøket om korleis dei arbeider for å realisere dei fire konkrete utdanningane som er nemnde i

strategien. Dei sakkunnige vurderer at desse opplysningane bidreg til å tydeleggjere korleis strategien skal operasjoniserast i praksis. På bakgrunn av dette vurderer komiteen at fagskulen vil kunne gjennomføre strategien.

Konklusjon

Krava i fagskuletilsynsforskrifta § 3-1 er oppfylt.

4.2 Fagmiljøet som er knytt til fagområdet

Fagskuletilsynsforskrifta § 3-2

I fagmiljøet knytte til fagområdet skal det finnast personar med utdanning og yrkesøynsle innanfor dei viktigaste delane av fagområdet. I fagmiljøet skal det vere personar med utdanning på nivå over fagskuleutdanning innanfor fagområdet eller eit nærstående fagområde som er tilsett i minst 50 prosent stilling ved fagskolen.

I fagmiljøet knytte til fagområdet skal det vere mange nok fast tilsette til å bidra til å utvikle nye og eksisterande utdanningar innanfor fagområdet. Det skal vere mange nok fast tilsette ved fagskolen med utdanningsfagleg utdanning til å utvikle pedagogiske metode og verktøy innanfor fagområdet.

Fagmiljøet skal delta i relevante regionale, nasjonale eller internasjonale samarbeid og nettverk.

Minst halvparten av talet på lærarar eller talet på lærarårsverk som er tilknytt utdanningane i fagområdet, skal vere fast tilsette ved fagskolen.

Beskriving

Tilsetjingsforholdet, samansetjing og kompetanse til fagmiljøet

Ytre kunstfagskole sende inn oppdatert fagmiljøtabell 10. oktober 2025. Det er den oppdaterte fagmiljøtabellen og søknaden vi refererer til i dette kapittelet og som ligg til grunn for vurderingane til komiteen.

I søknaden beskriv Ytre kunstfagskole kva som utgjer dei sentrale delane av fagområdet *Visuell kunst* under omtalen av fagmiljøet. Skulen viser til at utdanningane er strukturerte rundt tre gjennomgåande emne: teknikk og prosess, kunstnarisk praksis og kunstteori.

- Emna teknikk og prosess omfattar innføring i og opparbeiding av ferdigheiter innan ulike kunstnariske teknikkar og fagområde, under dette teikning, farge/måleri, 3D-form, foto og video, grafikk og performance.
- Emnet kunstnarisk praksis omhandlar utvikling av studentane sine eigne kunstnariske arbeid, inkludert idéutvikling, undersøkingar og feltarbeid, materialisering av kunstnariske idéar og utvikling av eige kunstnarisk uttrykk.
- Emna kunstteori omfattar kunsthistorie og kunstteori, med gjennomgang av kunsthistoria fram til 1990-talet og arbeid med sentrale teoriar og straumdrag i samtidskunsten.

Det kjem fram vidare at desse tre emna dannar utgangspunkt både for eksisterande utdanningar og ved utvikling av nye studietilbod innan fagområdet.

Ifølge «Tabell 2 d) Oversikt over fagskuleutdanningar og studenttal innan fagområdet 2024», vedlagt søknaden, tilbyr Ytre kunstfagskole per studieåret 2024/25 éi fagskuleutdanning innan fagområdet *Visuell kunst*. Tabellen viser at utdanninga Visuelle kunstfag hadde 12 registrerte studentar i studieåret 2024/25. Det kjem fram vidare av

merknaden i tabellen at utdanninga Yrkesstudium – visuell kunst blei akkreditert i november 2023, med planlagd oppstart i august 2025. Ifølge tal frå DBH-fagskulestatistikk hadde fagskulen per hausten 2025, 17 studentar på to ulike utdanningstilbod.

Den oppdaterte fagmiljøtabellen viser at fagmiljøet for fagområdet *Visuell kunst* består av 18 personar. Av desse er 8 oppgitt som fast tilsette, medan 10 er oppgitte som mellombels tilsette. Dei 18 tilsette i fagmiljøet utgjer 5,44 årsverk.

Ifølge fagmiljøtabellen så har 11 av dei 18 tilsette mastergrad innan kunst eller nærstående fagområde, 4 har bachelorgrad, og fleire har i tillegg utdanning frå kunstfagskule eller annan spesialisert kunstutdanning. Tabellen viser også at seks av dei tilsette har formell pedagogisk kompetanse, under dette praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), pedagogikk for undervisnings- og læringsarbeid i fagskulen (15 studiepoeng) og læringsleiing (30 studiepoeng). I tillegg er det oppgitt kurs i praktisk-pedagogisk fagskulepedagogikk ved Senter for erfaringsbasert læring frå Fagskolen Viken.

Fagmiljøtabellen viser at det i fagmiljøet er personar med utdanning og yrkesrøynsle innanfor mellom anna følgjande fagfelt: måleri, teikning, skulptur og 3D-form, materialbasert kunst, keramikk, grafikk, fotografi, performance og tidsbasert kunst, relasjonell kunst, kunstteori og kunsthistorie, kritisk teori, visuell kommunikasjon, grafisk design, illustrasjon og skrivekunst.

Deltakinga til fagmiljøet i samarbeid og nettverk

Fagmiljøet består i hovudsak av yrkesaktive kunstnarar, kunsthandverkarar, skribentar og fotografar som driv sjølvstendig næringsverksemd ved sida av undervisninga. Erfaring frå yrkesfeltet omfattar mellom anna utviklingsverksemd, kunstnariske utviklingsprosjekt, deltaking i kunstnarfellesskap, residensopphald, kuratering og faglege samarbeid.

Blant dei fast tilsette finst det personar som har ei tilknytning til kunstnarfellesskap og fagorganisasjonar som Aggregat kunstnarfellesskap, BKMR (Biletkunstnarane i Møre og Romsdal), NBK (Norske biletkunstnarar), PaB kunstnarfellesskap og ulike regionale kunstinstitusjonar og kunsthallar. Det kjem også fram at dei tilsette har samarbeid med enkeltkunstnarar, kuratorar og fagpersonar nasjonalt og internasjonalt.

Gjestelærarar (på årsengasjement ved fagskulen) har i tillegg tilknytning til nasjonale og internasjonale kunstinstitusjonar, kunstnar drivne visningsrom og faglege nettverk, under dette UKS (Unge kunstnarers samfund), Henie Onstad Kunstsenter, Kunstfremjande Värmland, ulike atelierfellesskapar og internasjonale kurator- og kunstnarnettverk.

Vurdering

Tilsetjingsforholdet, samansetninga og kompetansen til fagmiljøet

Den sakkunnige komiteen vurderer at det i fagmiljøet finst personar med utdanning og yrkesrøynsle innan dei viktigaste delane av fagområdet. Komiteen legg til grunn at

fagområdet, slik det er beskrevet i søknaden, omfattar både kunstnariske teknikkar og materialbaserte uttrykk, utvikling av sjølvstendig kunstnarisk praksis og teoretiske perspektiv knytt til kunsthistorie og samtidskunst.

Komiteen vurderer at det kjem fram av fagmiljøtabellen at det i fagmiljøet finst personar med formell utdanning og yrkesøynsle innan sentrale delar av dette området, under dette måleri, teikning, skulptur og 3D-form, materialbasert kunst, fotografi, tidsbasert kunst, og dessutan kunstteori og kunsthistorie. Fagmiljøet omfattar både yrkesaktive kunstnarar og personar med teoretisk og formidlingsfagleg bakgrunn.

8 av dei 18 personane i fagmiljøet knytte til fagområdet *Visuell kunst* er oppgitt som fast tilsette. Dei samla stillingsprosentane for fagmiljøet utgjer 5,44 årsverk. Dei faste tilsette utgjer 4,84 årsverk. Komiteen fastslår dermed at over halvparten av talet på lærarårsverk som er knytt til utdanningane i fagområdet er fast tilsett ved fagskolen. Komiteen vurderer vidare at det er personar med utdanning på nivå over fagskuleutdanning innanfor fagområdet eller nærstående fagområde som er tilsette i minst 50 prosent stilling ved fagskolen. Dei sakkunnige viser til at tre av dei fast tilsette faglærarane med minst 50 prosent stilling har utdanning på bachelor- eller masternivå innan kunst eller nærstående fagområde.

Det er synet til komiteen at fagmiljøet som er knytt til utdanningane i fagområdet samla sett har brei fagleg kompetanse og at fagmiljøet er tilstrekkeleg dimensjonert til å kunne dekkje dei utdanningane som fagskolen i dag tilbyr innan fagområdet. Fagskolen har per i dag to akkrediterte utdanningar innan fagområdet, og studenttalet hausten 2025 var 17. Fagmiljøet består av 8 fast tilsette og 10 mellombels tilsette, og dei faste tilsette utgjer hovuddelen av årsverka i fagområdet. Komiteen vurderer at dette samla sett gir eit fagleg grunnlag for drift og vidareutvikling av dei eksisterande utdanningane.

Når det gjeld utdanningsfagleg kompetanse, kjem det fram at fem av dei fast tilsette har formell pedagogisk utdanning, under dette PPU, pedagogikk for undervisnings- og læringsarbeid i fagskolen og læringsleiing. Komiteen merkar seg at talet tilsette med formell utdanningsfagleg kompetanse er avgrensa set opp mot ei fullmakt for å utvikle fleire utdanningar innan fagområdet. Samtidig leggjar komiteen vekt på at fagskolen per i dag har eit avgrensa omfang både i talet på utdanningar og studentar.

I strategidokumentet er det skissert utvikling av fleire nye utdanningar, og i intervjuet gjorde leiinga greie for at skulen vil hente inn nødvendig kompetanse ved behov, både fagleg og utdanningsfagleg, i samband med utvikling av nye tilbod. Komiteen legg til grunn at utvikling av nye utdanningar vil skje trinnvis og i tilknytning til eksisterande fagmiljø og samarbeidspartnarar, da dette ble presisert på institusjonsbesøket. På bakgrunn av dette vurderer komiteen at fagmiljøet har mange nok fast tilsette til å bidra til å utvikle nye og eksisterande utdanningar innan fagområdet. Komiteen vurderer vidare at det er mange nok fast tilsette ved fagskolen med utdanningsfagleg utdanning til å utvikle pedagogiske metodar og verktøy innan fagområdet.

Sjølv om komiteen vurderer at kravet er oppfylt, vil komiteen peike på at den samla utdanningsfaglege kompetansen i fagmiljøet er avgrensa i omfang. Fleire av dei fast tilsette har formell utdanningsfagleg kompetanse på 15–30 studiepoeng. Komiteen vil anbefale at fagskulen over tid prioriterer vidare utvikling av den formelle utdanningsfaglege kompetansen i fagmiljøet. Ei styrking av den utdanningsfaglege kompetansen kan bidra til auka robustheit og kontinuitet i utviklinga av pedagogiske metodar og verktøy innan fagområdet.

Deltakinga til fagmiljøet i samarbeid og nettverk

Komiteen vurderer at kravet om at fagmiljøet skal delta i relevante regionale, nasjonale eller internasjonale samarbeid og nettverk er oppfylt.

Dei sakkunnige viser til at det i dokumentasjonen kjem fram at fagmiljøet samla sett deltar i ei rekkje regionale, nasjonale og internasjonale samarbeid og nettverk. Dette omfattar tilknytning til kunstnarfellesskap, fagorganisasjonar og kunstinstitusjonar, og dessutan deltaking i utstillingssamarbeid, residensopphald, kuratoriske prosjekt og faglege nettverk innan det visuelle kunstfeltet, til dømes innan biletkunst, kunsthandverk, kuratering og kunstformidling. Vidare viser oversikta at både fast tilsette og mellombels tilsette er tilknytt nasjonale og internasjonale kunstinstitusjonar, kunstnar drivne visningsrom og faglege samarbeidsprosjekt. Samarbeida omfattar aktørar på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå.

Konklusjon

Krava i fagskuletilsynsforskrifta § 3-2 er oppfylt.

4.3 Samarbeid med yrkesfeltet

Fagskuletilsynsforskrifta § 3-3

Fagskulen skal samarbeide med relevante aktørar i yrkesfeltet om å utvikle og gjennomføre utdanningar innan fagområdet.

Beskriving

Ytre kunstfagskole har inngått fleire formelle satellittavtalar med aktørar i yrkesfeltet innan visuell kunst. Avtalane viser at samarbeidspartnarane fungerer som desentraliserte delar av verksemda, noko som inneber at både undervisning og læringsaktivitetar kan gjennomførast utanfor fagskulen sine eigne lokale (skulen er ikkje berre avgrensa til ein fysisk campus), og at eksterne fagmiljø inngår som ein del av gjennomføringa av utdanningane.

I søknaden blir Ytremodellen skildra som eit samarbeid med fagmiljø i yrkesfeltet, der desse har status som satellittar og inngår som ein integrert del av verksemda til fagskulen. Gjennom denne modellen blir fagmiljøet utvida ved at eksterne kunstfaglege miljø, med tilhøyrande kompetanse, fasilitetar og nettverk, inngår i utdanningstilboda.

Det er lagt ved følgjande satellittavtalar:

- Aggregat Kunstnerfellesskap
- Jordsmonn
- Longva Kunsterresidens
- Venø Gård Kunst
- Elida Linge

Avtalane skildrar samarbeid mellom Ytre kunstfagskole og dei enkelte fagmiljøa (satellittane). Satellittane kan nyttast som læringsarenaer for delar av dei akkrediterte utdanningane, ved at fagskulen legg emne, modular eller delar av modular til desse. På denne måten inngår satellittane si fagkompetanse, verkstader og nettverk i utdanningstilboda. Samarbeidet omfattar også utvikling av nye utdanningar. Det går fram av søknaden at undervisninga som skjer ved satellittane er ein del av fagskulen sine akkrediterte utdanningar. Ytre kunstfagskole har det faglege, pedagogiske og administrative ansvaret, inkludert ansvar for studieplanar, læringsutbytte, vurdering, sensur og kvalitetssikring. Undervisninga kan gjennomførast av tilsette ved fagskulen som underviser ved satellittane, og/eller av kunstnarar og fagpersonar knytte til satellittane, som er engasjerte som gjestelærarar eller faglærarar ved Ytre kunstfagskole.

På institusjonsbesøket møtte komiteen representantar frå fleire av satellittane, som skildra korleis dei samarbeider med fagskulen om undervisning, bruk av verkstader og gjennomføring av faglege aktivitetar for studentane. Til dømes vart det vist til at studentar og tilsette ved Ytre kunstfagskole deltek i verkstadsopphald og prosjektbaserte aktivitetar

ved satellittane, og at kunstnarar og fagpersonar knytte til satellittane bidreg som undervisarar eller rettleiarar.

I tillegg til satellittavtalane ligg det føre intensjonsavtalar med enkelte aktørar. Intensjonsavtalane beskriv overordna mål om samarbeid og kunnskapsdeling, men regulerer ikkje konkrete undervisningsforpliktingar på same måte som satellittavtalane. Det kjem fram av dokumentasjonen at intensjonsavtalane omhandlar samarbeid om fagleg utvikling, kompetansedeling og mogleg utvikling av utdanningstilbod i dialog med yrkesfeltet.

Intensjonsavtalar lagt ved søknaden er med:

- Ornamentsfabrikken
- AIR-Geiranger
- Ystehólen koreografiske senter

Ytre kunstfagskole har inngått ein samarbeidsavtale med Alnes Fyr og opplevingscenter. Avtalen gjeld utstillingssamarbeid og regulerer ansvar knytt til planlegging, produksjon, kuratering, montering, marknadsføring og gjennomføring av studentutstilling.

I tillegg har fagskolen inngått ein samarbeidsavtale med Lunga Art School på Island. Avtalen beskriv samarbeid om kunstnarisk, pedagogisk og organisatorisk utvikling, og dessutan kunnskapsdeling gjennom mellom anna workshops, rettleiing og felles prosjekt. Partane forpliktar seg til å dele relevant kompetanse og leggje til rette for gjensidig deltaking i kvarandres nettverk.

I søknaden har fagskolen lagt ved programmet for seminaret «Where the wild things are», arrangert i mai 2024. Programmet viser bidrag frå mellom anna Black Mountains College, Lunga School, Venø Gård KUNST, Grizedale Arts og Foreininga Longva kunstnarresidas.

Vurdering

Den sakkunnige komiteen vurderer at Ytre kunstfagskole samarbeider med yrkesfeltet om å utvikle utdanningar innanfor fagområdet. Fagskolen har tydeleg beskrive korleis samarbeidet er organisert for å sikre kvalitet og arbeidslivsrelevans i både nye og eksisterande utdanningar.

Komiteen viser til at fagskolen har inngått fleire formelle satellittavtalar med relevante aktørar i yrkesfeltet. Avtalane regulerer at samarbeidspartnarane fungerer som desentraliserte delar av verksemda innanfor Ytremodellen, der undervisning og læringsaktivitetar kan gjennomførast både ved fagskolen og hos satellittane, og der eksterne fagmiljø inngår som ein del av gjennomføringa av utdanningane. Det kjem fram vidare at fagkompetansen til satellittane, fasilitetar, verkstader og nettverk kan inngå i utdanningane der det er relevant, og at emnar, modular eller delar av modular kan leggjast til satellittane. Partane skal også samarbeide om utvikling av nye utdanningar etter Ytre kunstfagskoles prosedyrar for skiping og endring av utdanningar. Komiteen vurderer at

dette utgjør ein formalisert struktur for samarbeid om utvikling av utdanningar innan fagområdet.

Komiteen viser vidare til at det i tillegg ligg føre intensjonsavtalar med Ornammentfabrikken, AIR-Geiranger og Ysteholen koreografiske senter. Intensjonsavtalane beskriv samarbeid om fagleg utvikling, kompetansedeling og mogleg utvikling av utdanningstilbod i dialog med yrkesfeltet. Sjølv om desse ikkje regulerer konkrete undervisningsforpliktingar på same måte som satellittavtalane, vurderer komiteen at dei bidrar til å forankre utviklinga av fagområdet i dialog med relevante aktørar.

Når det gjeld gjennomføring av utdanningane, viser komiteen til at satellittavtalane opnar for bruk av eksterne fagmiljøes kompetanse, verkstader og fasilitetar i undervisninga. Vidare ligg det føre ein samarbeidsavtale med Alnes Fyr og opplevingssenter som regulerer planlegging, produksjon, kuratering og gjennomføring av studentutstillingar. Komiteen vurderer at dette inneber at yrkesfeltet deltar i konkrete delar av gjennomføringa av utdanningane.

På institusjonsbesøket gjorde leiinga greie for korleis samarbeidspartnarane blir involverte i planlegging og gjennomføring av undervisning, mellom anna gjennom studentopphald, bruk av eksterne verkstader og dialog om utvikling av nye utdanningstilbod. Representantar frå samarbeidspartnarane opplyste at samarbeidet i hovudsak er knytt til gjennomføring av konkrete undervisningsaktivitetar.

Konklusjon

Krava i fagskuletilsynsforskrifta § 3-3 er oppfylt.

5 Konklusjon

Fagområdet *Visuell kunst* ved Ytre kunstfagskole oppfyller alle krava til akkreditering. På grunnlag av søknaden med tilhøyrande dokumentasjon konkluderer den sakkunnige komiteen med følgjande:

Den sakkunnige komiteen tilrår at styret i NOKUT akkrediterer fagområdet *Visuell kunst* ved Ytre kunstfagskole.

6 Fagskulen si fråsegn til den sakkunnige vurderinga



Fråsegn etter foreløpig rapport

Saksnummer 26/00664

Ytre kunstfagskole vil takke for ein rapport der NOKUT og sakkunnige har gjort gode analyser av våre system, driftsmåtar, faglege integritet og visjonar.

Garanti- og forsikringsordningar:

For å møte fagskoleforskriftens § 48 (1) c) om å ha ei garanti- eller forsikringsordning som sikrar studentar refusjon av innbetalte skolepengar dersom fagskolen frivillig eller pålagt stansar ei fagskoleutdanning og dette medfører at nokre av studentane ikkje får fullført utdanninga etter oppsett plan, har skolen oppretta eit garantifond. Dette fondet skal nyttast til å tilbakebetale studentar som ikkje får fullført utdanninga si etter oppsett plan, som forskriftskravet er. Den foreløpige rapporten konkluderte med at styrevedtaket frå 2024 om oppretting av garantifondet ikkje er tydeleg i presiseringa av at alle studentar vil få refundert skulepengane dei har innbetalt, uavhengig av skolens andre ordningar. Vi ser at dette var uklart i vedtaket frå 2024 og styret ved Ytre har difor justert dette i nytt vedtak 15-26, fatta 13.april 2026.

Vedtak:

Styret tek den foreløpige akkrediteringsrapporten frå NOKUT til vitande.

Vidare vedtek styret fylgjande justering av vedtak om garantiordning 37-24:

Skolen skal ha ei garantiordning som sikrar studentar refusjon av skulepengar dersom fagskolen frivillig eller pålagt stansar ei fagskoleutdanning og at dette medfører at studentar ikkje får fullført utdanninga etter oppsett plan, jf. fagskoleforskriften § 48 (1) c. Dette kravet møtast ved at skolen har ein eigen garantikonto for skulepengar innbetalt av studentane. Saldoen på kontoen skal ved kvar semesterstart justerast slik at denne er lik summen på skulepengar som vert innbetalt av studentane for semester.

Garantiordninga dekker med dette innbetalte skulepengar og nyttast for å tilbakebetale skulepengar til alle studentar dersom skolen stansar utdanninga og studentane ikkje får fullført utdanning etter oppsett plan. Kontoen kan berre disponerast gjennom dobbeltsignering frå rektor og styreleiar.

Styret har i dette vedtaket ikkje nemnt andre ordningar skolen har for å ivareta studentane si moglegheit for å fullføre studiet, men har heilt enkelt sagt at alle studentar skal få tilbakebetalt skulepengar om skolen stansar utdanninga. Med denne formuleringa skal det ikkje vere rom for uklarheit om kven som er omfatta av ordninga. For det er altså alle.

Rapporten vurderer ut over dette at alle øvrige krav er oppfylt. Dette er sjølv sagt både positivt for Ytre kunstfagskole og svært viktig for skolens vidare arbeid med fagområdet visuell kunst.

Rapporten kjem også med nokre tilrådingar både når det gjeld konkretiseringar i strategien for fagområdet og ei tilråding om å prioritere vidare utvikling av den

formelle utdanningsfaglege kompetansen i fagmiljøet for å styrke denne. Dette er gode tilrådingar som vi så absolutt er einige i og vil ta med oss i vårt vidare arbeid med å utvikle skolen.

For Ytre kunsthøgskole

Trine Røssevold, rektor

15.april 2026

Vedlegg:

Styrevedtak 15-26. Orientering om Foreløpig akkrediteringsrapport frå NOKUT og justering av vedtak 37-24 oppretting av garantifond

7 Vedtak

Fagområdet *Visuell kunst* ved Ytre kunstfagskole blir akkreditert med heimel i lov om høgare yrkesfagleg utdanning § 5, med den avgrensinga av fagområdet som går fram av akkrediteringsrapporten.

Vedlegg 1: Oversikt over dokumentasjonen vedtaket bygger på

- 24/00740-5 Ytre kunstfagskole - Søknad om fagområdeakkreditering - Visuell kunst
- 24/00740-10 Ettersendt dokumentasjon - Ytre kunstfagskole - Søknad om fagområdeakkreditering - Visuell kunst
- 24/00740-21 Oppdatert fagmiljøtabell - fagområde Visuell kunst
- 24/00740-22 Årsplan for styret 2026
- 26/00664-4 Offentlig uttale til foreløpig rapport og ny dokumentasjon - Søknad om fagområdeakkreditering - Visuell kunst - Ytre kunstfagskole

Vedlegg 2: Presentasjon av den sakkunnige komiteen

Thea Tuset (leiar)

Tuset har vore aktiv i studentpolitikken sidan 2018 og vore leiar av Organisasjon for norske fagskolestudentar (ONF). Ho sit også som studentrepresentant i Nasjonalt fagskuleråd. Ho har tidlegare erfaring i rolla som studentrepresentant i ulike fagråd og i Nasjonal klagenemnd for høgare yrkesfagleg utdanning. Ho har ei høgare fagskulegrad i visuell kunst med fordjuping i måleri frå Einar Granum Kunsthøgskole. Ved kunsthøgskulen sat ho i studentrådet i perioden 2017–2019. Frå tidlegare har Tuset årsstudium i grunnmedisin frå Høgskolen Kristiania. I dag studerer ho ein bachelor i biletkunst ved Kunsthøgskolen i Oslo (KHiO), og jobbar som koordinator ved Senter for Erfaringsbasert Læring (SEL). Tuset har erfaring som sakkunnig for NOKUT både ved akkreditering av enkeltutdanningar og fagområdeakkreditering.

Siri Kvitvik

Kvitvik har omfattande kunst- og leiingsutdanning, med mellom anna femårig bilethoggarutdanning ved Kunsthøgskolen i Oslo (Statens Kunstakademi) og masterstudium ved Handelshøgskolen BI, i tillegg til ei rekkje kortare utdanningar og kurs innan visuelle kunsthøgskule, humaniora, organisasjon og leiing. Ho har hatt ei rekkje styreverv i kunstfeltet, og har også sete i fagutval i Norsk kulturråd. Kvitvik har fleire års erfaring med leiing og undervisning innan kunst- og filmfagskular. Ho har mellom anna arbeidd med leiing av Designseksjonen i NRK, formidling ved Trondheim Kunstmuseum/Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum, som seniorrådgivar i Nordland fylkeskommune, som rektor ved Nordland kunst- og filmfagskule og seniorrådgivar ved Nordland fagskule. I fagskulen arbeidd ho med utvikling og nye fagskulestudium i kunst, film og reiseliv. Kvitvik har produsert/kuratert ei rekkje kunstutstillingar og prosjekt. Kvitvik har erfaring med juryering av biletkunst og har godkjent fagleg kompetanse som sakkunnig konsulent for Kunst i offentlege rom (KORO). Ho har i tillegg drive eigen kunstnarisk praksis sidan 1983. Ho har utarbeidd fleire søknader til NOKUT om fagskuleutdanningar, har vore leiar for brukarpanel for fagskular ved NOKUT og tidlegare vore sakkunnig for NOKUT ved akkreditering av enkeltutdanningar.

Jeannette Christensen

Christensen er utdanna ved Vestlandets Kunstakademi i Bergen og École Nationale Supérieure des Beaux Arts i Paris, og har vore aktiv som biletkunstnar med ein interdisiplinær praksis sidan 1985. Undervisning har vore ein integrert del av praksisen hennar og ho var gjesteprofessor og leiar for Mur og Rum ved Det Kongelige Kunstakademi, København 1998-2000, professor II ved Kunsthøgskolen i Bergen 2000-2007, og avslutta 12 år som professor ved Kunstakademiet, Kunsthøgskolen i Oslo i 2022. Ho er innkjøpt av offentlege og private samlingar, m.a. Nasjonalmuseet og KODE i Bergen og har utført fleire offentlege oppdrag. Christensen har vore styreleiar i Unge Kunstneres Samfunn, og hatt styreverv i Office for Contemporary Art, Program for kunstnarisk utviklingsarbeid, Oslo kunstforening. Ho har løpande styreverv for Nitja senter for samtidskunst, Einar Granum

kunsthøgskule og Trafo kunstnerhus. Ho har vore medlem av det faglege utvalet til kulturrådet for biletkunst og fagutvalet Rom for kunst, sete i Norske billedkunstneres stipendkomité og vore konsulent og ekstern kurator i KORO. Ho har også hatt fleire oppdrag som sakkunnig ved vurdering av kompetanse til stillingar og som sensor for avgangstudentar.



DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578, 1327 LYSAKER | [NOKUT.NO](https://www.nokut.no)